


HEIM



stordnytt.no

Fengjande soge om Oselvaren

Nyhende — 10 september 2017



Forfattar og leiar for Kystsogevekene Kjell Maguns Økland (foto G.bjørk)

Kjell Magnus Økland fortalde torsdag kveld soge om Oselvaren på eit ope møte på Stord Maritime Museum på Nattrutekaien. Båttypen har vakse fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år. Økland fortalde historia om båten som starta med funnet av Halsnøybåten, datert til 334 e.Kr. Oselvaren har tradisjonelt vore nytta som bruksbåt og til kapproing og kappsegling sidan 1800-talet.

Alt på 1600-tallet var båten ei handelsvare – kjøpt og ført til Vesterhavssøyane. Det syner skriv frå «Shønholdlehn toldsted» i 1610. Båten var kommunikasjonen mellom bygd og by. Bønder og fiskarar rodde til byen for å selja varene sine. Det vart trong for fleire båtar og snart var det båtbyggjarar på kvart eit nes. Kunnskapen vart ført i arv frå far til son. Ikkje berre om bygging, men også kunnskapen i å finna og tilverka trevirke. I mellomkrigsåra og fram mot nyare tid er Oselvaren nytta som tur og segl båt. Mange båtlag vart grunnlagt og kapproing og kappsegling vart ein del av folks rekreasjon.

Økland som er forfattar av boka «Oselvaren – den levande båten» hadde mykje å fortelja om folks levevis som gjev eit godt bilete av kyst-, og idretts- og folkekulturen i Hordaland gjennom fleire hundre år. Inspirerende og flott kåseri som dei frammotte sette pris på. Arrangementet vart skipa i samarbeid mellom Stord Folkebibliotek og Venelaget for Stord Maritime Museum.



Godt frammøte til kåseriet om Oselvaren (foto H.Hauan)

ANDRE NYHENDE



No er valet i gang
september 11, 2017



Delte ut bollar og leste bøker
september 10, 2017



Skoddevåt sauesanking
september 10, 2017



Fast ferielege på Solgården
september 09, 2017



Stord Kristne skule startar opp denne månaden
september 08, 2017



Vikingane på Rommetveit
september 07, 2017



Har nemning E39 begge to
september 06, 2017



Mykje å glæda seg til på årets Kyrkjelyd-festival
september 04, 2017



Lesefest på biblioteket
september 10, 2017



Set spor med keramikk
september 10, 2017



Populært tilbod
september 09, 2017



Ny veg Sæ – Ådland blir avgjerande tverrsamband
september 08, 2017



SIM avventar litt med årets «båtinnsamling»
september 07, 2017



Bybane på sjø – for eit tettare Sunnhordland
september 06, 2017



– Gjev ikkje opp fastsambandet til Huglo
september 05, 2017

LEGG TIL ARRANGEMENT +



Tys 12 S
Nett - c
Hamnege
ARRANGØR
Frivilligs



Tys 12 S
Treffpu
ARRANGØR
Kreftfore



Tys 12 S
Møte f
ARRANGØR
Slekt og

[Sjå fleire lokale arrangement](#)

Vegstenging fv. 544

Fv. 544 må stengast frå 11. september–16. september i forbindelse med vegarbeidet som pågår i Skrivarvegen. Omkjøring via E39.



Statens vegvesen
vegvesen.no

KORT SAGT

Beskjed om å styra stramt

Formannskapet hadde ingen merknader til rådmannen sine forslag til endringar for å få økonomien til å gå i hop resten av året. Det er ei underdekking som må hentast inn. For å understreke alvorret i situasjonen, gav formannskapet i møtet onsdag, rådmannen ekstra beskjed om å styra stramt slik at budsjettmåla for året blir nådd.

Fiksar på stiane

Avdelinga for regulering, byggesak og oppmåling (RBO) har gjeve grønt lys for at det skal bli litt betre å ta seg fram til fots i fjellet vårt. Tiltaket, i regi av Stord Fitjar Turlag, dreiar seg om rydding av steinar ned Steinasmoget (frå Eldhushedda til Tysevatnet), laga steintrapp (nokre trinn) ved behov oppi Tysekkaret (på veg frå kraftstasjonen til Eldhushedda) og rydda litt i steinane frå Beinadalen og ned til Vaulane.

Stengjer Sævegen



– Køyr om E39, er oppmodinga frå Statens vegvesen, som stengjer Sævegen fram til og med laurdag. Mange fryktar kø og kaos i Leirvik sentrum denne veka.

– Statens vegvesen informerer om at FV 544 Leirvik, på strekninga Sæ-Ådland bru, vert stengt frå måndag 11. september klokka 07 til laurdag 16. september klokka 12,

(0) READERS COMMENTS

Comments are closed.

grunna vedlikehaldsarbeid. Anbefalt omkøyning via E39, står det å lesa på Stord kommune sine nettsider.

Null poeng i Ålesund

Stord møtte botnlaget Ålesund 2 på Color Line stadion laurdag, og det gikk som det har gått i dei siste kampane for stordherrane: – dei tok leiinga tidleg, og det såg ut for å gå mot poeng like til 85. og 89. minutt. Då score Ålesund2 to. Med 20 poeng så langt ligg Stord på 11-plass på tabellen . og det er «under streken». Spjelkavik kjem på besøk på Vikahaugane til helga.

Avslutta fest

Frå politiloggen søndag morgon: » KI 2400 laurdag, Ungdomsfest på Litlabø avslutta, pga slæssing og rusing. 150 tenåringar på staden Politiet bistod vakt på staden.»

Gir kr. 1,50 per stordabu

Etter forslag frå Torbjørn Brosvik (KrF) vil det bli sendt sjekk pålydande 28 185 kroner frå Stord kommune til årets TV-innsamling for UNICEF. Lenge har det vore tradisjon at Stord kommune har sendt avgarde ei gåve tilsvarande 1 krone per innbyggjar. Formannskapet gav full støtte til Brosvik sitt framlegg om å auka til kroner 1,50.



Litt på gløtt for Borggata?

Frå formannskapsmøtet onsdag blir det sendt innstilling til kommunestyremøtet 21. om å seia nei til å opna Borggata for einvegskøyning mot nord medan arbeidet i Skrivervegen og Grisarompo bli gjennomført. Dermed går det mot avvising av innbyggjarforslaget med over 1000 underskrifter i denne omgangen. Totalt avvisande til tanken om open gate for biltrafikk var formannskapet likevel ikkje.

Etter forslag frå Liv Kari Eskeland (H) vart denne setningen føydd til: Kommunestyret verdset denne type initiativ, og ber rådmannen ta saka med seg når «den tette byen» skal drøftast.

I 105 på Føyno

Frå kl 1000 til 1200 fredag hadde UP laserkontroll på E-39 v/ Føyno. 23 forenkla forelegg blei utskrivne. Høgaste fart målt til 105 km/t i 80 sonen.

Alle tiders leirskuleveke på Gullingen



Eit populært innslag i skuleåret for sjuandeklassingane i Stordskulen, er veka dei er på leirskuleopphald på Gullingen i Ryfylke. Mykje natur og uteliv kvar dag, med både fiske og tur og bekevandring/vassing.

Eit kostnadsfritt tilbod for alle elevar. Veka som no går til enda har 7.-klassingane ved Leirvik skule vore på Gullingen og skulen sjølv har lagt ut ein livleg biletserie på facebook frå opphaldet. Så alle tiders ser det ut til å ha vore, at stordnytt.no innhenta eit «ja, ver så god» frå Rektor Bongom til å spreia den gode opplevinga vidare. Biletserien finn du her.

Saknar vegljoset i Øvre Sæ

Etter at arbeida med Skrivervegen tok til før ferien har vegljoset på Fv 544 i Øvre Sæ vore ute av drift, melder ein oppsittjar. – I dei lyse sommarmånadene har det ikkje vore noko problem, men no når det vert mørkare vert det meir riskabelt å vera gåande. Særleg med omsyn til dei mange skuleborn som ferdast der og mellom anna kyssar fotgjengarovergang utan ljøs.

Og med desse ord blir det retta instendig bøn til «rette instans» om å få lys i armaturen i Øvre Sæ, snarast.

ARKIV

Arkiv Vel månad

STORDNYTT.NO

Journalist:

Steinar Hystad
steinar@stordnytt.no
950 31 154

KONTAKT OSS

Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med oss på ein av desse e-post-adressene:

nettnytt@stordnytt.no

annonser@stordnytt.no



stordnytt.no
5,3 tusen likar



Lik denne sida

44 vener likar dette





